



Hammedagane har fått laga seg bru som knyter hamna på Kleppe sammen. På bruа står Nathalie Birkenes og Ellinor Kleppe saman far hennar, Karsten Kleppe, som er ein av dei mange frivillige bak Hammedagane.



Over vågen på Kleppe hang badeballane klare til badeballsleppet, ungane sitt store høgdepunkt under Hammedagane.

# Fin fangst på Hamr.

**Fisketevlinga heldt på å regna vekk, til liks med heile Hammedagane. Så melde sola og fiske-lukka seg på Kleppe.**

**KLEPPE:** Jan Einar Joleik Risa var ein av dei som nytt opphaldsvêret tidleg laurdag ettermiddag til å fiska med stang frå land.

– Eg sto på eit svaberg like her borte på Kleppe. Der fekk eg ein lir, seier Jan Einar.

## Greit fangst

Han leverer fisken til Jostein Naustheller, som saman med Kenneth Kausland står for oppvegning og registrering av fangst på Hammedagane. Så langt denne dagen har ein lir på 458 gram vore høgdepunktet. Lyren Joleik Risa kjem med vert klar bestemte notering.

– 1,58 kilo er brukbart. I tillegg fekk eg nokre makrellar, men dei var mindre og vart ikkje målt opp. Det ville vore kjekt å ha vinnarfisken, seier Jan Einar Joleik Risa, som deltok på Hammedagane første gong denne helga.

Første gong var det ikkje før Ellinor Kleppe. Ho er dottera til Karsten Kleppe, som er sentral i arrangementskomiteen for Hammedagane. Difor har ho vore med alle dei tre åra nyvinninga har vore arrangert.

## Badeballhøgdepunkt

– Det kjekkaste med heile Hammedagane er badeballsleppet. Gevinsten viss du får tak i ein badeball er gävekort og slike ting, så det er gøy å vinna, seier Ellinor.

I år var reglane endra slik at kvar deltakar berre får fanga med seg ein badeball. Dei vert sleppt over hamnebassenget, slik at ungane må bada for å få tak i ein ball.

– Me har klare reglar, slik at me slepp slåsskamp om badeballane. Viss ein får tak i ein ball

utan å vore uti, gjeld det ikkje. Badeballslepp har me opphavsett på her på Hammedagane, fleipar Karsten Kleppe.

## Våt hamnemil

Arrangementet starta allereie fredag med Hammemila, der deltakarane sping motbakkelop på distansen ei nautisk mil. Frå Kleppesjøen til Kleppaksla er det ein høgdeskilnad på kring 200 meter.

– Fredag ettermiddag var me maksimalt uheldige medvêret. Det hadde vore fint heile dagen, men då løpet starta holja regnet ned, seier Karsten Kleppe.

Likevel sprang bestemann distansen på 9.37. Laurdag foremiddag starta ikkje storri betre når det gjeld været.

– Regnet traff bakken, spratt opp att og fall ned på nyt. Me vart våte tre gonger, seier Kenneth Kausland.

– Det var eit valdsamt vær, me vart våte heilt inn til undikken. Dei som skulle ut og fiska frå båt måtte berre snu. Men ungane som har fiska berggylt frå kaiane har komme med litt fangst, legg Jostein Naustheller til.

## Variert tilbod

«Fiskemottaket» held til i same rekjkja med boder som lykkehjulet, pilkast og liknande. Fangstana som kom inn tok seg altså opp etterkvart. I tillegg kunne Hammedagane by på ei rekke kafétibod og ulike boder med kunsthåndverk.

– Inne i Hengjø har me utstillingar med foto og måleri av Brynhild Enerhaug og Audun Hauberg. I fjor hadde me over 1.000 menneske innom hamna. Når sola na har kome fram kan me håpa på noko i nærlieken, seier Jan Tveit.



Ungane var kjappe ut i hamnebassenget, då badeballane vart sleppte.



Jan Einar Joleik Risa fekk ein lyr på 1,58 kilo på stang frå land på Kleppe.

Alle foto: Karstein Sæverås

# 1edagane



Foto: Inger Helen Bjørøy


**KNALLPRIS!**

**14,90**  
PR. STK



**SPLEISEBRØD**  
Mesterbakeren, 750 g, 19,87 pr. kg

**25,90**  
PR. PK



**GULOST SKIVET**  
Synnøve, 285 g, 90,88 pr. kg

**12,00**  
PR. STK



**BENDT SMOOTHIE 0,25 L**  
Utvalede varianter, eks. pant, 12,00 pr. stk

**39,00**  
PR. KG



**RØKT SVINEKAM M/ BEN**  
Gilde, Nordfjord, 39,00 pr. kg

**107,00**  
PR.  
36-PK



**TOALETPAPIR, 36-PK**  
Metsä, 2,97 pr. rull

REMA 1000

Gjelder Hordland (ikke Etne) til og med 27.08.17 - Kun til private husholdninger. Vi tar forbehold om eventuelle trykksfeil og at noen varer kan være utsolgt.



## Langøymarknaden 2017

Langøy kystgard

Laurdag 26. og søndag 27. august kl. 12-17

To opplevingsdagar i eit unikt kystkulturmiljø, med gamle båtar ved bryggja, korteist mat, lokalt håndverk, kunst og kultur.

Tale ved varaordfører i Fjell, Tom Georg Indrevik.

Søndag 27. 11.00 - 11.45: Friluftsgudsteneste. Prost Erling Kopperud, organist Anne Kristine Wallace Turøy.

**ARRANGØR:** Arrangementet støttes av:  
**FJELL KYSTLAG** Sartor Biloppretting og Urtemakeriet

## Neptun Fisk

### TORGSAV FISK ONSDAG 23. AUGUST

Øygarden v/ Rong Senter	kl. 10.00 - 10.30
Ågotnes Torg (ikkje v/ Toyota)	kl. 10.45 - 11.15
Mövik v/Gjenbruksbutikken	kl. 11.35 - 11.50
Skogsvåg v/ Statoil	kl. 12.05 - 12.20
Straume v/Vestnytt	kl. 12.40 - 13.10

### TILBOD: RØYKT TORSKELOINS 100% skinn- & beinfri, 3 kg kr 450,-

\*Torske- og seifilet med blå plast \*Laks \*Lettalta torsk og ue  
\*Røykt blåkveite \*Reker i 2 kg kartong! \*Kongekrabbe  
\*Blandaball \*Kvitball \*Klippfisk \*Hvalbiff \*Fiskekaker 3 typer  
\*Krabbe \*Kveite \*Steinbit \*Breiflabb m.m.

Med helsing frå Sten Tennfjord tlf. 920 34 721

FYL OPP FRYSAREN MED DEILIG SJØMAT ETTER FERIEN!

## POTETBILEN FRA JÆREN

Ågotnes v/ Apotek 1

**Fredag 25. august kl. 09.00-14.00**

Straume v/ Sprek og Blid

**Lørdag 26. august kl. 08.00-12.00**

-----

Nye Kerrs Pink kr 12,- pr. kg

Asterix kr 10,- pr. kg

Gulrot, kålrot, tomater og egg.

**TLF. 452 11 163**



Fjell-Ly leirstad  
ImF Midthordland  
Org.nr. 971561262

### Vi har ledig vikariat som Kokk/kokekyndig person i 20-50% stilling

Vi treng ein person som kan jobbe ca kvar 3.helg og enkelte dagar i vekene. Storleiken på stillinga kan utgjera ca 20-50% avhengig av kvalifikasjonar og fleksibilitet.

Sjå utfordring utlysing på:  
[www.fjelly.no/ledig-stilling-kokk/](http://www.fjelly.no/ledig-stilling-kokk/)  
Spørsmål om stillinga kan rettast til dagleg leiar: Solveig D. Holt, tlf. 56 31 04 40, e-post: dagligleder@fjell-ly.no

Send søknad m/attestar og vitnemål innan 1. september til Fjell-ly leirstad, v/ dagleg leiar, Mövikvegen 193, 5357 Fjell eller på e-post: [dagligleder@fjell-ly.no](mailto:dagligleder@fjell-ly.no)

Jo meir du veit om heimstaden din,  
jo kjekkare er det å bu der

## Vestnytt

Har du en  
**idé** som  
passer  
til vårt mål  
om et  
tryggere,  
sunnere og  
mer aktivt  
samfunn?



• Søk før 15. september på [www.gjensidigestiftelsen.no](http://www.gjensidigestiftelsen.no)

GjensidigeStiftelsen

